

Musikken gjennom røyr



Med belgespel og saksofon: Frode Haltli og Trygve Seim.

FOTO: MORTEN KROGVOLD/ECM

Trygve Seim blæs med munnen, Frode Haltli drar trekkspelbelgen. Vakkert blir det uansett, når lufta gjennom alle røyra blir til musikk.

«Reeds» står det på engelskspråklege plateomslag om saksofonane, klarinettane, alle i treblåsarklassen. Eigentleg er det eit ord for det røyret lufta blir blåsen gjennom, før han kjem ut som saksofonlyd eller anna. Trekkspelet er eit belgespel der lufta i belgen blir pressa gjennom mange røyr, enten instrumentet heiter trekkspel, akkordeon eller anna. Sjølv har eg røynsle frå trekkspel og trøorgel, men lenger ut på isen har eg ikkje tenkt meg i tankane om musikkens tilbliving. Her handlar det om blåsaren Trygve Seim og belgespelaren Frode Haltli på det magisk vakre albumet «Yeraz». Både saksofonen og ikkje minst trekkspelet har hatt si tid for å bli stovereine instrument, men belgespelet i alle former har i seinare år fått ein enorm ny popularitet på alle arenaer. Alfred Janson er ein norsk pioner, og Stian Carstensen og Frode Haltli er ekstatisk fornyarar.

LANDSKAPET

Musikken på denne plata er først frå den gresk-armenske komponisten og filosofen G. J. Gurdijeff. «Airameru» er ein klassikar frå den tida komponist Trygve Seim var med på å starte bandet av same namn. Tittelmelodien er eit stykke armensk folkemusikk som skapt til dei natursterke nye filmane frå den sentralasiatiske kanten av verda, «MmBall» er ein melodisk hit signert «The Source»-trommeslagaren Per Odvar Johansen, og vi vandrar vidare gjennom eit landskap der også Bob Marley dukkar opp. Musikanane har møttest i mange konstallasjonar, også i duo. Men «Yeraz» er første gong dei to spelar duo på plate. Det er eit samspel der «lyrisk» blir ei for tom frase til å skildre denne musikken på. Dessutan møttest dei også i snøggspel på «Fast Jazz». Dei er begge i «stall ECM», Haltli har spela i ECM-bandet til Seim, og trekkspelaren solodebuterte sjølv på ECM med «Looking on Darkness», etterfølgd av «Passing Images». Her er ein blåsar og ein belgdragar, og lytt til alt det vakre som kjem or pipene deira.

MOTIAN II

I desember 2006 hadde Paul Motian spelejobb på Village Vanguard med ein trio han utvida til Paul Motian Trio + Two. Av det vart det musikk nok til tre album, det første for eit år sidan (Dagsavisen 31. August 2007). Gleda blir ikkje mindre no av å høyre mannen som då var 76 år, med Motian, Chris Potter (tenorsaksofon) og Larry Grenadier (bass), stadig utvida med Greg Osby (altsaksofon) og japanske Masabumi Kikuchi på piano, med fiolinist Mat Manieri som ein liten bonus. Motian gitt ut 24 sterke album med fleire band på merket



Trygve Seim og Frode Haltli:
«Yeraz»
ECM (Musikkoperatørene)



Paul Motian Trio + Two:
«Live at Village Vanguard, Volume 1»
Winter & Winter (Musikklosen)



Bank of No Land:
«Bank Of No Land»
Acoustic Records (Musikkoperatørene)

Winter & Winter, og det er stadig ein svir å høyre ein Motian som i sitt frie trommespel faktisk minner om vår eigen Jon Christensen. Motian har skrivne det meste sjølv, unntatt ein versjon av «If You Could See Me Now» der fela til Manieri erstattar saksofonen til Osby, pluss «Till We Will Meet Again», med groovy saksofonopning av Potter og Osby. Stemninga er høg i Village-kjellaren.


BANK UTAN LAND

«Bank Of No Land» er ein platetittel meir rykande aktuell enn utgjevarene kanskje hadde tenkt seg i desse økonomiske krisetider. Med mindre dei har ein bank av eit anna slag i tankane, ein stad på havets botn i ingenmannsland. Uansett er det god timing når albumet blir slept med konsertar i kjøpebyen Bergen denne helga. Lyrisk jazz med inspirasjon frå klassisk, folkemusikk og moderne jazz, slik presenterer dei seg sjølv før platedebuten, i bandet med Alexander Grieg på bass og Audun Waage på trompet, begge frå Bergen, italienske Franco Piccinno på piano og spanske Borja Barrueta på trommer. Opphavet var at Piccinno og Waage i 2003 møttest i London, der både Waage og Grieg har studert. Med tida vart det til ein kvartett med Grieg og den spanske trommeslagaren Borja Barrueta, som på albumet er bytt ut med Laurie Lowe. Akustisk og moderne jazz ofte av det rolege slaget, men ikkje berre, er resultatet på eit album med sjølvskrivne musikk. Trompespelet til Waage gir innimellom assosiasjonar til den europeiske nestor Kenny Wheeler. Uansett er «Bank of No Land» eit spennande tilskot vestfrå til den norske jazzhausten.
rohlghe@online.no



Ron Carter og bossa

– Å spele bass er yrket mitt. Difor har eg aldri fri, sa Ron Carter til Dagsavisen, som møtte ein av jazzens siste gentlemen før han i sommar gjekk på scena i Kongsberg Kino. Og vi som fylte salen fekk ein strålende konsert med Carter, pianist Stephen Scott og perkusjonisten Roland Morales-Matos. Dei er også til stades på dette verkeleg elegante albumet «Jazz & Bossa» (Blue Note/EMI), der Carter ikkje berre spelar klassikarar frå bossa nova-katalogen som Jobims «No More Blues». Her er også Benny Golsons «Whisper Not», men det største knippet er signert Carter sjølv. Med i dette bandet er også saksofonisten Javon Jackson, Guilherme Monteiro på gitar og Portinho på trommer. Konseptet var å gå frå ei stor gruppe til ei mindre og mindre, forklarar Carter, som mot slutten endar opp med berre gitarist Monteiro på Jobims «Wave», før Monteiro får siste tone aleine på Carters vakre «Saudade». Og det slår ein for ein glimrande solist bassisten Carter også er, i alle format.



Endå meir Mobley

Eit nytt knippe nyutgjevingar i Rudy van Gelder-serien til Blue Note blir no marknadsført som «rare grooves». Vi gler oss uansett over endå eit gjenhøyr tenorsaksofonisten Hank Mobley (1930-86), som på albumet «Hank Mobley» (Blue Note/EMI) frå 1957. Horace Silver spela han ofte med, og her er pianisten med saman med Art Farmer (trompet), Doug Watkins (bass) og Art Blakey (trommer)

ROALD HELGHEIM

